# Meland kommune

Leirdalen Barnehage Sa
5917 ROSSLAND

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | 03.12.2018 |
| Dykkar: | Mette Marei Træland | |
| Vår: 18/374 - 18/25260 | mette.m.traland@meland.kommune.no | |

## Referat frå møte med private barnehagar 29 november

Desse møtte: Espira Marthahaugen barnehage: Styrar Elisabeth Thorland. Drømmehagen barnehage A/S : Styrar / Eigar Fredrik Seliussen og kulturarbeidar/ tilsett Bjørn Knudsen. Læringsverkstedet Maurtua barnehage A/S :styrar Lill-Merethe Kittang. Leiketun barnehage A/S : styrar Wenche H. Øpstebø og styremedlem Magnar Hellen. Blåklokka barnehage: Styrar/ eigar Cecilie Dale Hella og Kjersti Heskestad. Lita-God familiebarnehage: Eigar og styrar Liv Hopland van Der Kooij. Leirdalen barnehage A/B : Styrar Beate Jacobsen. Leiar i utval for Levekår : Sølvi N. Knudsen, Ordførar Øyvind Oddekalv, Rådmann Martin W Kulild, Økonomisjef Per- Inge Olsen, Rådgjevar for barnehage ,Mette M Træland.

Læringsverkstedet Flatøy barnehage A/S meldte forfall til møtet

*Saksliste:*

1. **Økonomi:**

Økonomisjef Per Inge Olsen orienterte om økonomi/ berekning av tilskot til private barnehagar. Det var lagt fram rekneark med forklaring.

Lysarka vil verte sendt ut i etterkant til barnehagane saman med vedtaket om tilskot.
Satsane i 2019 er høgare enn i 2018.
Kommentar frå barnehagane:
Satsane går opp, men dersom ein tar vekk dei 3 millionane som var ekstrabevilgning i 2018, vert driftstilskotet lågare i 2019. Det vert ein stor utfordring for barnehagane å klare drifta til neste år.

Vedtak om sats er ikkje sendt ut til barnehagane innan fristen i oktober. Kommunen beklagar dette. Vedtak vil verte sendt ut så snart som råd.
Kommunen ser på saksgangen og avgjør korleis dette skal verte ordna på rett måte til neste år.

2. Nytt om Alver kommune.

Det er prosessar i gang i alle avdelingane i kommunane for på best måte å rigge Alver kommune.

3. Nytt frå staten om barnehagesektoren.
   Rådgjevar for barnehage Mette Træland la fram presentasjon med nytt for barnehagesektoren. Presentasjonen vert sendt ut til barnehagane i etterkant.

4. Andre saker.
   Fredrik Seliussen hadde sendt inn to saker før møtet og la desse fram til drøfting.

**a) Omdømmebygging er viktig.**

Meland kommune bør vise at barnehagesektoren arbeider med mye godt kvalitetsarbeid
Ein bør arbeide med omdømmebygging for dette. Kva kan gjerast for at barnehagane kan ha betre omdømme?
Utvalsleiar uttalte at det politisk har det vore vanskeleg med kunnskapen om barnehagesektoren.
Utval for levekår kunne ynskje å ha private barnehagar i utvalet, og få presentert arbeidet der.
Ein drøfta tema omdømme, og at det er viktig arbeid, men det har ikkje kome fram at barnehagane i Meland har dårleg omdømme. Søknaden til barnehagane er god, og det vert presentert mykje godt dokumentasjonsarbeid på FB og heimesidene til barnehagane.
Ordførar og rådmann tok imot invitasjon om å kome ut i nokre barnehagar for å gjere seg kjend med arbeidet dei gjer.

**Andre tema som vart teke opp:**

- Utfordrande med fleksibilitet : På grunn av ny bemanningsnorm er det vanskelegare å ha meirinntak av barn. Barnehagane må ta inn fleire enn eitt dersom det skal vere økonomisk forsvarleg å bemanne opp.
- Beliggenheit har mykje å sei for val av barnehage.
- Framtidig folketalsutvikling vil vise korleis tilflyttinga vil verte.
- Det er viktig å arbeide med å vere attraktiv.

**b) Økonomi:**

Fredrik Seliussen hadde innspel om tilskotssatsar i den nye storkommunen Alver i høve til at satsane til drift kan verte ulik for dei tre kommunane dei første åra.

- Dette er politisk tema som må verte løfta opp politisk.
- Det nye kommunestyret i Alver konstituerer seg innan utgangen av oktober 2019.
- Det gamle kommunestyret fungerer med mindre sakar til januar 2010.

Arbeidet med budsjettet i 2020 vil fellesnemda arbeide med på nyåret 2019. Utfordringar må fellesnemda begynne å sjå på, og drøfte i budsjettprosessen for Alver.

Nytt møte vert til våren 2019.

Referent :

Mette Marei Træland

Med helsing

Mette Marei Træland
barnehagefagleg rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bjørn Gripsgård Knudsen | Myrtveitvegen 39 | 5919 | |
| Blåklokka Barnehage AS | Melandsvegen 38 | 5919 | FREKHAUG |
| Cecilie Dale Hella | Øvredalsvegen 96 | 5919 | |
| Drømmehagen Barnehage AS | Floghaugane 61 | 5918 | FREKHAUG |
| Espira Marthahaugen AS | Postboks 353 | 4291 | KOPERVIK |
| Flatøy barnehage v/ styrar | Flatøyvegen 72 | 5918 | FREKHAUG |
| Fredrik Seliussen | Mjåtveitmarka 79 A | 5918 | FREKHAUG |
| Kjersti Uthaug Heskestad | Juviknipa 58 | 5918 | FREKHAUG |
| Leiketun Barnehage AS | Leiketun Barnehage AS Holtermandsvegen 2A | 5918 | FREKHAUG |
| Leirdalen Barnehage Sa | | 5917 | ROSSLAND |
| Lita-God Familiebarnehage | Hoplandsvegen 141 | 5919 | FREKHAUG |
| Læringsverkstedet Maurtua AS | Postboks 215 | 2051 | JESSHEIM |
| Magnar Hellen | Galtenesvegen 63 | 5918 | FREKHAUG |
| Sølvi Norunn Gripsgård Knudsen | Myrtveitvegen 68 | 5919 | |